



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Dykkar ref.
34360068-6d9e-
449d-a358-
eebd96eea982

Vår ref.
25/1092 - 2

Dato
14.10.2025

Innspel til planprogram - Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Eidfjord kommune gjer innspel til planprogrammet til *Regional plan for verdiskaping og kompetanse* med bakgrunn i synsvinklar frå ein distriktskommune. Me meina det er positivt å samla tema i felles planverk, det gjer materiet enklare å nytta då det er eit mangfald av planar.

Planen tek føre seg hovuddtemaa omstilling og konkurransekraft og kompetanse og inkludering. Me vil knyta nokre kommentarar til målsetnadane.

Som kommune oppleva me eit auka fokus på fjernarbeidsplassar og etablering av «hub»-strukturar. I ljøs av korleis digitale verktøy og arbeidsstrukturar har utvikla seg, vil dette vera tenleg for Vestland. Kommunar i Hardanger har vore del av eit prosjekt organisert av Norce knytt til fjernarbeid og distriktsutvikling. Rapport Nr. 17-2025 frå NORCE syner ei positiv instilling til fjernarbeid i regionen. Rapporten syner til tiltaksområder knytt til kontorfellesskap for felleskap i lokalsamfunnet og markedsføring av fjernarbeidsmoglegheiter. Det bør framkomma ein strategi for bruk av fjernarbeidsplassar i fylket.

Vestland fylke bør arbeida for eit breidt og fleksibelt kompetansetilbod for skuleungdom, unge vaksne, for dei som vel å omskolera seg og dei som ynskjer å auka eigen kompetanse. Som distriktskommune ligg fokuset til regionssentre og kommunesentre. Me vonar fylket arbeidar for å sikra utdanningstilbod i distrikta og applaudera verksemder som tek i mot lærlingar. Sterke bedrifter som har rom for læringsplasser er ein god arena for nyskaping og entretrenørskap i ei tid for omstilling og innovasjon.

Med venleg helsing

Anne Kommedal
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend i høve interne rutinar og har derfor ingen signatur

